



Til
Hordaland fylkeskommune
Mail: hfk@hfk.no

Kopi : Hardangerkommunane

Melding om vedtak gjort i Hardangerrådet 19.10.2017

Særutskrift:

HR-sak 37/17

**Regional Transportplan Hordaland
Investeringsprogram for fylkesvegnettet.
Høyringsuttale frå Hardangerrådet.**

Vedtak:

Hardangerrådet gjev slik uttale til Investeringsprogram RTP 2018 – 2029:

Hardangerrådet gjev si støtte til hovudkonklusjonane og prinsippet om porteføljestyring i Investeringsprogrammet til Regional transportplan 2018 – 2029.

I dei ulike Hardangerkommunane/herada sine egne høyringsuttalar vert det kommentert ønskje vedr. ein skilde tiltak i kvar kommune/herad. Hardangerrådet viser her til kommunane sine egne prioriteringar.

Hardangerrådet vil påpeika behovet for investering i nye offentlege toalett i Hardanger. Turisttrafikken til Hardanger, både einskildreisande og bussgrupper, har auka vesentleg dei siste åra. Alle prognoser tyder på at auken vil halda fram i åra som kjem. For Hardangerregionen har dette medført store utfordringar mht kapasitet samt drift og vedlikehald av offentlege toalett. Manglande kapasitet har ført til uholdbare situasjonar i tilknytning til store stoppestader/attraksjonar der turistar forsøplar privat og offentlig eigedom som vert nytta til toalettferemål. For å byggja opp ein tilstrekkeleg kapasitet på offentlege toalett ber Hardangerrådet om at det i denne omgang vert avsett 4 mill av investeringsramma til oppbygging av offentlege toalettanlegg på sentrale stader i Hardangerregionen. Slike anlegg må driftast gjennom avgift frå besøkjande og i tilknytning til anna verksemd som t.d. kioskdrift.

Kinsarvik 19.10.2017

Fruktbar helsing Hardangerrådet iKS

Trude L. Rinaldo

Konsulent

Hardangerrådet iKS signerar digitalt